

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Deres ref.:  
Vår ref.: 11799304

Dato: 01.02.2017

### Svar på høyring om søknad om løyve til å byggje Fossdalen kraftverk i Gulen kommune, Sogn og Fjordane

Visar til brev frå NVE 09.januar 2017 som omhandlar søknad om løyve til å nytta vassfallet i Fossdalselva for å byggje ut Fossdalen kraftverk. Det aktuelle kraftverket er i BKK Nett sitt utgreiingsområde, og i vårt distribusjonsnett.

BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av regional- og sentralnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen.

I våre gjeldande nettutviklingsplanar vil Fossdalen kraftverk mate mot transformering på Sandøy, som er under bygging og er forventa idriftsatt i løpet av 2017. Fossdalen er plassert i eit område der det er fleire eksisterande kraftverk som i framtida òg vil mate sin produksjon mot Sandøy transformatorstasjon, for å avlaste Frøyset transformatorstasjon. Det er nødvendig med nokre tiltak i distribusjonsnettet mellom kraftverket og transformeringspunktet for å etablere kapasitet både til Fossdalen kraftverk og andre kraftverk i området.

Øvrige netttiltak i regional- og sentralnettet, i tillegg til dei som er omtala over, er presentert i Kraftsystemutgreiinga (hovudsakeleg i tabell 5.1 og 6.5), som ligg på [www.bkk.no/kraftsystem](http://www.bkk.no/kraftsystem).

BKK Nett har gjort analysar for å kartlegge nødvendige tiltak i distribusjonsnettet for å etablere nettkapasitet til alle kjente kraftverk i vårt område, og har fortløpande kontakt med kraftverksutbyggjarar om resultatane i analysane.

Venleg helsing  
BKK NETT AS



Jan Ness  
Seksjonssjef



Ruth Helene Kyte  
Rådgjevar